



Øystein Rikstad  
Rossnesvegen 71  
5937 BØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1580 - 19/18545

Saksbehandlar:  
Silje Haukedal  
silje.haukedal@radoy.kommune.no


Dato:  
19.12.2019

## Byggesak Gbnr 22/29 Rikstad - Grillhus - tilbakemelding på at tiltak er unntatt søknadsplikt

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om grillhus den 12.12.19.

### Planstatus

Eigedomen er i kommuneplan for Radøy 2011-2023 vist som LNF spreidd eksisterande. Byggegrense til sjø er vist med grå stipla linje i plankartet.



I føresegna pkt. 3.4.2 følgjer det at:

På bygd eigedom i LNF-SBE-område kan det utan krav til regulering gjevast løyve til følgjande, jf. pbl.§ 11-11 nr. 2:

- a. Fasadeendring, innvendig ombygging, rehabilitering, riving og gjenoppføring av eksisterande bustad.
- b. Tilbygg der verken samla bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) er over 50 m2.
- c. Uthus/garasje der verken samla bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) er over 50 m2. Uthuset skal plasserast i direkte tilknytning til eksisterande bygningar, med avstand inn til 10 meter frå eksisterande bustad. Det kan ikkje førast opp anneks.
- d. Markterrasse i direkte tilknytning til bustaden og med areal inn til 50 m2.
- e. Andre mindre tiltak utandørs, som internveg, parkeringsplass, mindre terrenginngrep, forstøtningsmur ol.

### **Vurdering**

Etter kommunen si vurdering vil eit uisolert grillhus på 16 kvm med plassering som vist i situasjonsplan kome inn under unntaka for søknadsplikta i saksbehandlingsforskriften (SAK) § 4-1, og vil ikkje krevje dispensasjon frå arealføremål eller byggegrense til sjø. Tiltak som er unntatt søknadsplikt må likevel meldast til kommunen i skjema: Melding om tiltak som er unntatt søknadsplikt. Meldinga skal sendast til kommunen når bygginga er utført.

På bakgrunn av dette vil kommunen ikkje handsama søknaden om dispensasjon. Det påløper dermed heller ikkje gebyr i saka.

Med helsing

Silje Haukedal  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Øystein Rikstad

Rosnesvegen 71

5937

BØVÅGEN